



God musikk prega også Systrene Nilsen

**Uskedalen har hatt ein god sommarsesong med omsyn til trafikk og arrangemeter  
Dette må bli konklusjonen etter møtet til Uskedalen Utvikling i kveld på  
Systrene Nilsen som summerte opp sesongen.  
Det kom også positive tonar når ein ser framover,til dømes mot  
Festidalen som truleg kjem att i 2012.  
På den andre sida varsla Magne Huglen eit mogleg generasjonsskifte.  
Kva det vil føre til på  
arrangementssida er uvisst, opplyste han**



[Bjarte Døssland: Festidalen kjem att neste år](#)

Drivar av Systrene Nilsen Morten Nilsen konkluderte med at det har vore ein god sesong sjølv om lista har lege høgt. Aktivetsdagen var eit høgdepunkt og eit nytt høgdepunkt vart nådd i månadsskiftet juli/ august. Skalldyraften på torsdagane vart ein slager og det var 5 fullsette slike. Eit godt tilbod var i det heile ein avgjerande faktor og dette galdt også mat og musikk. Når det gjeld marknadsføringa var ryktebørsen, at folk snakkar saman, den viktigaste kanal, meinte Morten. Han berømma medarbeidarane for å ha vore kjekke, blide og imøtekommande og rosa også folk i bygda fordi det er utruleg lett å komma i snakk med dei og få noko gjort. -Vi har hatt mange gode støttespelarar, slo han fast og konkluderte med at det gjekk så bra som dei håpa på, men at det kan gjerast enda betre.



[Morten Nilsen - fornøgd med sesongen](#)

Oppsynsmann i elva Arne Terje Haugland varsla at det aldri fører fanga så mykje laks som i år. Han berømmer den faste forskarstaben som jobber og med elva og streka under kva kalkinga har betydd. Og framleis er det 3 veker att av sesongen. Frå Rabben er det etterlyst eit kart som viser alle hølane i elva og dette vil truleg bli laga neste år.



Sesongen vart oppsummert i kveld, blant anna med ei helsing frå Pasang Sherpa frå Nepal

Bjarte Døssland frå Festidalen opplyste at det er bygd opp ein organisasjon av dedikerte folk og at det er laga nokre sponsorpakkar som snart vil bli presenterte. Utifrå reaksjonen på desse pakkene vil dei sjå kor spenstige dei kan tillate seg å vera med omsyn til artistnivå.

Bookingfristen vil bli lagt nærmare jul. Det vil bli laga ein eigen friviljug-base

På vegne av båthamnane sa Johan Sunde at det ikkje var nokon grunn til å vera misnøgd, men han ventar ei stund med å leggja fram besøkstala. Huglen har hatt ein roleg sesong med Berre to låvedansar – ein ved påska og ein kommande laurdag. I kjedlaren har det vore 3 arrangement. For neste år har han ikkje laga planar fordi det er uvissheit om det blir generasjonsskifte eller ikkje.

Møteleiar Kristian Olav Bringedal opplyste at Fred Olsen har planar om å stoppa cruisebåtane sine i Rosendal. Ein konsekvens av det kan bliat Uskedalen kjem på lista over utfluktar.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen